



Arkivnr: 2016/8534-75

Saksbehandlar: Linn Cathrin Pedersen

**Delegert saksframlegg**

**Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt**

**FASTSETJING AV ANSIENNITET**

**Samandrag**

Ledige ordinære drosjeløyve i Bergen køyreområde blei kunngjort i pressa 20.08.2016. Innan søknadsfristen gjekk ut 10.09.2015 melde det seg 58 søkerar til ledige ordinære drosjeløyve jfr. vedlagte søkerlister.

Det er presisert i kunngjeringsteksten at ansiennitet som full tids drosjesjåfør skal dokumenterast med kopi av A-melding (lønns- og trekkoppgåver) eller lønslipper for den perioden ein krev ansiennitet for. Fylkesdirektør samferdsel har på grunnlag av den dokumentasjonen som den einskilde søkeren har levert inn fastsett ansienniteten som full tids drosjesjåfør.

Yrkestransportlova med tilhøyrande forskrift er lagt til grunn i denne saka.

Etter å ha vurdert den einskilde søkeren sin ansiennitet på grunnlag av innlevert dokumentasjon finn fylkesdirektør samferdsel å kunne fatta følgjande

**vedtak**

I medhald av yrkestransportlova § 12, jfr. forskrift om yrkestransport § 43, blir ansienniteten som fulltids drosjesjåfør og som løyvehavar til den einskilde søker fastsett slik det kjem fram av vedlagte søkerliste.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Linn Cathrin Pedersen  
førstekonsulent

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesdirektør samferdsel, 16.10.2015

### Innleiing:

Ledige ordinære drosjeløyve i Bergen køyreområde blei kunngjort i pressa 20.08.2016. Innan søknadsfristen gjekk ut 10.09.2016 melde det seg 58 søkerar til ledige ordinære drosjeløyve jfr. vedlagte søkerlister.

Det er presisert i kunngjeringsteksten at for å søkja ledig drosjeløyve i Bergen køyreområde må ein ha minimum 2 –to års ansiennitet som fulltids drosjesjåfør i løyvedistriktet. Ansiennitet som full tids drosjesjåfør skal dokumenterast og med kopi av lønns- og trekkoppgåver eller lønsslippar for den perioden ein krev ansiennitet for. Vidare er det presisert i kunngjeringsteksten at søkeren skal ha følgjande vedlegg:

- Attest frå Konkursregisteret i Brønnøysund (konkurs-/ gjeldsforhandlingar)
- Kopi av A-melding (lønns- og trekkoppgåver) for den perioden ein krev ansiennitet for
- Attest for skatt og meirverdiavgift
- Vitnemål for bestått eksamen frå det obligatoriske taxiløyvekurstet
- Politiattest
- Tilsegn bankgaranti nok 85.000,-

Det er også presisert at den einskilde søker må leggje fram økonomisk garantierklæring frå bank eller finansieringsinstitusjon før tildeling av drosjeløyve kan skje.

Søknaden om drosjeløyve med vedlegg vil utgjera grunnlaget for fastsetjing av ansiennitet som full tids drosjesjåfør og for tildeling av ledige løyve. Det er den einskilde søker sitt ansvar å sjå til at søkeren har dei nødvendige vedlegga.

Fylkesdirektør samferdsel har på grunnlag av den dokumentasjonen som den einskilde søkeren har levert inn fastsett ansienniteten som full tids drosjesjåfør, sjå nedanfor.

### Fastsetjing av ansiennitet:

Under føresetnad av at den einskilde søker oppfyller krava i forskrifa §§ 4 – 6 vil ansiennitetsprinsippet vere avgjerande for tildeling av løyve.

Når det gjeld dokumentasjon av praksis som full tids drosjesjåfør, så har samferdselsdepartementet uttalt at fylkeskommunen står relativt fritt med omsyn til kva som blir kravd framlagt som dokumentasjon. Vidare har departementet uttalt at fastsetjing av endeleg ansiennitet må byggjast på skjøn. Fylkesdirektør samferdsel legg difor ei total vurdering av relevant dokumentasjon til grunn med omsyn til fastsetjing av den einskilde søker sin ansiennitet.

Det er presisert i kunngjeringsteksten og på søkeradsskjemaet at den einskilde søker skal leggja ved kopi av lønns- og trekkoppgåver for den perioden ein krev ansiennitet for. Dette er minimumsdokumentasjon – og det er den einskilde søker sitt ansvar å sjå til at samferdselsavdelinga har denne dokumentasjonen tilgjengeleg. Utskrift frå arbeidstakarregisteret og kopi av lønns- og trekkoppgåver utgjer grunnlaget for fylkesdirektøren si vurdering av ansienniteten. Utskrift frå arbeidstakarregisteret hentar samferdselsavdelinga ut sjølv.

Fylkesdirektør samferdsel finn grunn til å presisere at den einskilde søker berre får ansiennitet for den perioden vedkommande har vore full tids drosjesjåfør, og vedkommande ikkje har hatt anna heiltidsstilling. Dette skal vera dokumentert med lønns- og trekkoppgåver for den aktuelle perioden. I tillegg skal det i utgangspunktet også gå klart fram av utskrifta frå arbeidstakarregisteret at søkeren har hatt drosjeyrket som full tids stilling. Dette betyr at søkeren

ikkje får godkjent full ansiennitet for periodar vedkommande har hatt anna heiltids stilling. Avgjerande i denne samanhengen er kva som er meldt inn til arbeidstakarregisteret, og årsinntekta. Dette gjeld sjølv om den årlege inntekta som relaterer seg til drosjeyrket er relativt høg.

Fylkesdirektør samferdsel har lagt prinsippa ovanfor til grunn når den einskilde søkeren sin ansiennitet er fastsett. Det blir likevel presisert at fastsetjinga skjer på grunnlag av ei totalvurdering av den dokumentasjonen søkeren har levert inn. Der det har vore grunnlag for tvil er ansienniteten fastsett på grunnlag av skjøn. Manglende innlevering av dokumentasjon kan ha fått innverknad på fastsetjinga ansienniteten.

**Ansienniteten er rekna fram til kunngjeringstidspunktet 20. august 2016.**